

# Forbrukarombodet

Forbrukarombodet (FO) skal, ut frå omsynet til forbrukarane, føre tilsyn med at varer og tenester blir marknadsførte i samsvar med marknadsføringslova.

FO har også tilsyn med delar av kringkastingslova, mellom anna regelen om at det i kringkastingsendingar ikkje må sendast reklame som er særleg retta mot barn, eller reklame i tilknytning til barneprogram.

FO er dessutan tillagt tilsynet med reglar fastsette i eller med heimel i kredittkjøpslova, og fører kontroll med forskrifter om fibermerking og forskrifter om vedlikehaldsmerking av tekstilprodukt o.a.

Forbrukarombodet blir utnemnt av Kongen i statsråd. FO, som byrja verksemda si i 1973, er eit frittstående forvaltningsorgan som skal prøve å påverke dei næringsdrivande til å følgje regelverket. FO har ein stab på 24 medarbeidarar og behandlar årleg om lag 2 500 saker. Dei fleste sakene blir tekne opp på grunnlag av klagar frå forbrukarar og næringsdrivande, men også på eige initiativ frå FO. Gjennom forhandlingar med næringsdrivande prøver ein å kome fram til frivillige ordningar. Dersom ein ikkje finn ei slik løysing, kan FO eller den næringsdrivande leggje saka fram for Marknadsrådet. FO kan også leggje fram prinsipp saker for Marknadsrådet, sjølv om det ikkje er nokon tvist med den næringsdrivande.

I hastesaker kan Forbrukarombodet gjere vedtak om forbod mot vidare bruk av eit ulovleg marknadsføringstiltak. Det blir gjort for å hindre at næringsdrivande gjennomfører ulovlege kampanjar og haustar fordelane av regelbrottet. Eit slikt vedtak kan klagast inn for Marknadsrådet, men det får verknad med ein gong. Det skal som hovudregel knytast tvangsgebyr til vedtak som Forbrukarombodet og Marknadsrådet gjer. Dersom vedtaket ikkje blir teke til følge, skal FO skrive ut førelegg til den som vedtaket er retta mot. Dersom førelegget ikkje blir vedteke, kan FO gå til søksmål for å få slått fast plikta til å betale førelegget.